**Fra:** Kristen Skrivarvik <kristen.skrivarvik@sfe.no>
**Sendt:** 3. september 2018 14:16
**Til:** 'post@aev.no'; 'firmapost@bkk.no'; 'post@lusterenerginett.no'; 'kundestotte@laerdalenergi.no'; 'post@nett.sognekraft.no'; 'post@stryn-nett.no'; 'post@sunnfjordenerginett.no'; 'post@ardal-energi.no'; 'energi@e-co.no'; 'elkem.materials@elkem.no'; 'post@kvalheimkraft.no' (post@kvalheimkraft.no); 'post@vestavindkraft.no'; 'info@statkraft.no'; post@ostfoldenergi.no; 'firmapost@statnett.no'; 'nve@nve.no'; 'postmottak.sentraladm@sfj.no'; 'fmsfpost@fylkesmannen.no'; tor.time@istad.no; tone.bleken.rud@eidsivaenergi.no; harald.nes@glitreenergi.no; Ola Lingaas; Jan Inge Erdal; Fredrik.Kuhn@hydro.com; johnny.bjork@hydro.com; Odd.Ivar.Klavold@hydro.com; Asgeir Aase; firmapost@morenett.no
**Kopi:** Atle Isaksen; Kristian Vassbotten; Dag Einar Gule; Torgrim Øvrebø
**Emne:** Varsel om oppstart av regional kraftsystemutgreiing

Til
Alle område- anleggs- og fjernvarmekonsesjonærar i Sogn og Fjordane, Statnett, utgreiingsansvarlege i tilgrensande områder, Norges vassdrags- og energidirektorat, kraftforsyninga sin distriktssjef, kommunar, fylkeskommunen, fylkesmannen og ulike interesseorganisasjonar.

## Varsel om oppstart av regional kraftsystemutgreiing

SFE Nett AS vil med dette varsle om oppstart av arbeidet med ny kraftsystemutgreiing (KSU) for regionalnettet i Sogn og Fjordane.

Formålet med utgreiinga er å:

- Vurdere mogelege framtidige behov for overføringskapasitet i det regionale kraftnettet.
- Å være eit bidrag til ei samfunnsmessig rasjonell utvikling av dette.
- Den skal medverke til å skape ein felles forståing i samfunnet for endringar i kraftsystemet.
- Gje grunnlag for handsaming av søknader om konsesjon.

Arbeidet med KSU er organisert i 2-års syklusar. Siste utgåve av den regionale KSU'en vart avslutta 1/6 2018. Hovedrapporten er offentleg tilgjengeleg på SFE Nett sine heimesider:

http://www.sfenett.no/Prosjekt-og-utbygging/Kraftsystemutgreiing/.

Denne er lagt til rette for å kunne lesast utan særlege faglege forkunnskapar.

Kraftsystemutgreiinga vert ikkje send ut på høyring, men merknader til førre kraftsystemutgreiing samt forslag til fokusområde eller andre innspel til ny utgreiing kan sendast til SFE Nett.

**Plan for arbeidet:**

| | |
|---|---|
| 2. halvår 2018 | • Kraftsystemmøte<br>• Utgreiing av framtidig behov for jordstraumskompansering/nullpunktsystem |
| 2019 | • Oppdatering av datagrunnlag<br>• Oppdatering av prognosar og utviklingsscenarie Behovsanalyse - lastflytanalyse<br>• Utgreiing av framtidige mogelege tiltak i regionalnettet<br>• 1. møte i kraftsystemutvalet |
| 1. halvår 2018 | • Utarbeiding av utkast til ny kraftsystemutgreiing<br>• 2. møte i kraftsystemutvalet<br>• Ferdigstilling og offentleggjering av ny kraftsystemutgreiing |

Ny kraftsystemutgreiing skal vere ferdig innan 01.06.2020.

**Fokusområde for utgreiingsarbeidet:**

Leveringssikkerhet, kapasitet for nytt forbruk og kapasitet for ny produksjon er alltid viktige drivkrefter å ta omsyn til. I tillegg vil særlege fokusområde være:

- Reinvesteringsbehov
- Jordstraumar/nullpunktsystem

- Tilhøvet mellom ulike nettområde.

**Kontaktinformasjon:**

| | | |
|---|---|---|
| SFE Nett AS<br>v. Kristen Skrivarvik<br>Sørstrandsvegen 227<br>6823 Sandane | Tlf.<br>489 99 320 | E-post:<br>kristen.skrivarvik@sfe.no |

Helsing SFE Nett AS



Kristen Skrivarvik

Senioringeniør nettforvaltning